

Saksprotokoll

Organ: Kommunestyret

Møtedato: 18.06.2020

Sak nr.: 20/473-16

Internt l.nr. 14159/20

Sak: 47/20

Tittel: Saksprotokoll - Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020 - 2023

Handsaming:

Frå formannskapet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogndal kommune vedtek med heimel i Plan og bygningslova §10.2 «Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020 – 2023» slik denne ligg føre.

Planstrategien vert gjort offentleg minimum 30 dagar før kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Endringsframlegg:

Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg som endring i planstrategien:

Kommunestyret ber administrasjonen legge opp til ein prosess der ein ser målstrukturen i planstrategien, planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen og økonomiplanen i samanheng fram til desember 2020.

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Berekraftmål nr. 15 Liv på land blir lagt til lista over særleg prioriterte berekraftmål

Justert kulepunkt 1, under mål 4, punkt 8:

Kommunen skal arbeide aktivt for å minske ressursbruk, redusere nedbygging av jord- og naturressursar, og redusere klimautsleppa.

Nytt kulepunkt under mål 2, punkt 8:

Kommunen skal legge til rette for inkluderande og aldersvennlege bustader og bumiljø

Tillegg til punkt 9:

Kommunestyret legg til grunn at regjeringas varsla plankrav og prioritering av tilskot til kommunar som kan vise til planar og prosessar, for «Leve hele livet-reformen», blir følgd opp i det vidare arbeidet med å konkretisere og føreslå planinitiativ.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan – Fleirbruks og basishall Sogndal.

Det vert sett i gang og gjennomført detaljreguleringsplan som gjev rom for å realisere ny fleirbruks og basishall i Sogndal. Ved lokalisering ved Kvåle Skule vil planarbeidet følgje rammer i områdereguleringsplan for Campus. Planarbeidet skal vidare ta utgangspunkt i avklarte rammer for anlegget i t.d. godkjent skisseprosjekt. Avgrensing av planområdet og oppstart av planarbeidet vert tilpassa dette arbeidet.

Avrøysting:

Tilrådinga frå formannskapet, og framlegga frå Venstre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Sogndal kommune vedtek med heimel i Plan og bygningslova §10.2 «Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020 – 2023» slik denne ligg føre, med følgjande endringar:

- Berekraftmål nr. 15 Liv på land blir lagt til lista over særleg prioriterte berekraftmål
- Justert kulepunkt 1, under mål 4, punkt 8:
Kommunen skal arbeide aktivt for å minske ressursbruk, redusere nedbygging av jord- og naturressursar, og redusere klimautsleppa.
- Nytt kulepunkt under mål 2, punkt 8:
Kommunen skal legge til rette for inkluderande og aldersvennlege bustader og bumiljø
- Tillegg til punkt 9:
Kommunestyret legg til grunn at regjeringas varsla plankrav og prioritering av tilskot til kommunar som kan vise til planar og prosessar, for «Leve hele livet-reformen», blir følgd opp i det vidare arbeidet med å konkretisere og føreslå planinitiativ.
- Reguleringsplan – Fleirbruks og basishall Sogndal.
Det vert sett i gang og gjennomført detaljreguleringsplan som gjev rom for å realisere ny fleirbruks og basishall i Sogndal. Ved lokalisering ved Kvåle Skule vil planarbeidet følgje rammer i områdereguleringsplan for Campus. Planarbeidet skal vidare ta utgangspunkt i avklarte rammer for anlegget i t.d. godkjent skisseprosjekt. Avgrensing av planområdet og oppstart av planarbeidet vert tilpassa dette arbeidet.

Planstrategien vert gjort offentleg minimum 30 dagar før kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Kommunestyret ber administrasjonen legge opp til ein prosess der ein ser målstrukturen i planstrategien, planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen og økonomiplanen i samanheng fram til desember 2020.